

BOKN KOMMUNE

FORMANNSKAPET

Sakliste forts..

Sak nr.	Saktittel
029/16	Arbeidet med Planstrategi for Bokn kommune 2016 - 2020
030/16	Refinansiering av fleirbrukshallen i Bokn kommune.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.04.2016	029/16	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-031 Objekt:	Arkivsaknr 16/193
------------------------------------	--	-----------------------------

Arbeidet med Planstrategi for Bokn kommune 2016 - 2020

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslovens § 10-1.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn formannskap aksepterer tilbudet frå Omega as om bistand i arbeidet med å utarbeide planstrategi for kommunen innan ei kostnadsramme på kr. 100.00,-

Utgiftene vert dekkja ved overføring av midlar frå Reserverte løyvingar, budsjettpost 1000.120.1490.

Jan Erik Nygaard
Rådmann

.....

Kva saka gjeld:

Godkjenning av konsulent, arbeidsform og prosessar i forbindelse med utarbeiding og vedtak om kommunal planstrategi for Bokn kommune 2016 – 2020, jfr. Plan og bygningslovens § 10 – 1.

«Kommunal planstrategi.

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager førkommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret skal seinast 1 år etter konstituering

- **Drøfta kommunen sine strategiske val** knytt til
 - Samfunnsutvikling
 - Langsiktig arealbruk
 - Miljøutfordringar
 - Sektorane si verksemd
 - Kommunen sine planbehov i valperioden

og skal

- **Ta standpunkt til**
 - Om gjeldande kommuneplan eller deler av han skal reviderast
 - Om det er behov for å setta i gong arbeid med nye arealplanar i valperioden
 - Om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast

Saksutgreiing:

Bokn kommune har ikkje tidlegare utarbeidd eller vedtatt ein planstrategi. Dette heng saman med at sist gong dette var aktuelt, var Bokn kommune i slutfasen med ferdigstilling av gjeldande kommuneplan.

Utarbeiding av ein planstrategi vil gi både politikarar og administrasjon gode kunnskapar om eksisterande planar sett i samheng med dei utfordringar kommunen står framfor.

Arbeidet med utarbeiding av planstrategi treng ikkje vere veldig omfattande, men er eit særdeles viktig arbeid når det gjeld å bestemma kva som skal vere hovudsatsing i kommunen dei kommande åra. Brei politiske medverknad og engasjement er avgjerande for eit godt resultat.

For både å kunne gjennomføra arbeidet med utarbeiding av planstrategien på ein effektiv og rasjonell måte, samtidig som fagleg kompetanse i arbeidet blir ivaretatt, har Bokn kommune bedt Omega AS/Omega Areal v/ sivilingeniør Arild Karlsen, om å komme med eit tilbod om nødvendig utgreiing, sekretariatsarbeid og presentasjonar for arbeidet med planstrategien og mogleg innretting av arbeidet.

Ein har mottatt følgjande tilbod og opplegg for gjennomføring av arbeidet med planstrategien:

TILBOD – PLANSTRATEGI FOR BOKN KOMMUNE

Omega Areal AS legg følgjande til grunn for sitt tilbod om nødvendig utgreiing, sekretariatsarbeid og presentasjonar for arbeidet med planstrategien:

1. Utgangspunkt må vera å få reist dei viktige politiske problemstillingane. Ein føresetnad for dette er at ein får engasjert dei folkevalde i utfoming av planstrategien.
2. Gjeldande kommuneplan er vedtatt 17.12.2013, og byggjer på omfattande statistikk og skildringar av faktiske tilhøve. Det vil bare bli gjort suppleringar ut frå heilt spesifikke behov.
3. Ein strategi er ei handlingsrekke for å nå eit konkret mål/visjon. Gjennomføring av strategiar føreset val av politiske løysingar. Politiske løysingar må følgjast opp gjennom aktive handlingar. Det skal leggjast vekt på å få fram nødvendig handlingar og moglege konsekvensar av desse.
4. Dei lokale interessene (Bokn) skal stå i sentrum for arbeidet.

Til kvart møte vil Omega Areal leggja fram eit notat til rådmannen som grunnlag for drøfting i formannskapet.

Innhald og innretting av notatet vil vera drøfta i førre møtet. Notata vil i mindre grad gi svar, men i større grad ordlegga problemstillingar og leggja premiss for nødvendige avgjerder i prosessen. Omega Areal vil gjera oppsummeringar og notera konklusjonar som går inn som grunnlag i den endelege presentasjonen av planstrategien.

Vi legg til grunn at det blir nødvendig med 3 møte med formannskapet, med 20 timar til førebuing, gjennomføring og oppsummering til kvart møte. I tillegg kjem oppsummering med skriftleg presentasjon.

Arbeid og reiser blir fakturert etter medgått tid og i samsvar med gjeldande regulativ, innanfor ei totalramme på kr. 100.000,-.

Formannskapet vil vera den heilt sentrale arenaen for arbeidet med planstrategien. Vi legg derfor opp til ei arbeidsform som ei møterekke i formannskapet der dagsorden blir sett frå møte til møte og der ynskje om og behov for utgreiingar blir drøfta.

OPPGÅVE:	UTVIKLA EIN PLANSTRATEGI FOR BOKN KOMMUNE.
PLANSTRATEGI:	EIN OVERSIKT OVER PLANAR SOM MÅ UTABEIDAST ELLER REVIDERAST FOR Å FÅ GRUNNLAG TIL Å GJERA AKTUELLE VEDTAK.
AKTUELLE VEDTAK	OVERORDNA NIVÅ: VISJON/MÅL FOR UTVIKLING AV BOKNSAMFUNNET HANDLINGSNIVÅ: KVA SOM MÅ GJERAST FOR Å NÅ OVERORDNA MÅL

Notat 1 til første møte vil stilla spørsmål om gjeldande overordna mål/visjon for Bokn kommune.

1. Utgangspunkt må vera å få reist dei viktige politiske problemstillingane. Ein føresetnad for dette er at ein får engasjert dei folkevalde i utforming av planstrategien.
2. Gjeldande kommuneplan er vedtatt 17.12.2013, og byggjer på omfattande statistikk og skildringar av faktiske tilhøve. Det vil bare bli gjort suppleringar ut frå heilt spesifikke behov.
3. Ein strategi er ei handlingsrekke for å nå eit konkret mål/visjon. Gjennomføring av strategiar føreset val av politiske løysingar. Politiske løysingar må følgjast opp gjennom aktive handlingar. Det skal leggast vekt på å få fram nødvendig handlingar og moglege konsekvensar av desse.
4. Dei lokale interessene (Bokn) skal stå i sentrum for arbeidet.

➤ Gjeldande kommuneplan for Bokn:

«Det overordna målet må vera å sikra befolkninga i Bokn kommune optimale livsvilkår i vidaste forstand. Ein avgjerande føresetnad for at dette skal vera mogleg og at planen skal kunna fylgjast opp, er at Bokn kommune blir oppretthalden som eigen kommune.»

Fram til noko anna er bestemt, er dette gjeldande overordna mål for Bokn kommune.

Arbeidet med planstrategi bør starta opp med at ein stiller spørsmål ved det overordna målet, fordi dette vil gi føringar for alt anna planarbeid.

Gjeldande overordna mål har to ledd:

- **Sikra befolkninga i Bokn kommune optimale livsvilkår i vidaste forstand**
- **Å oppretthalda Bokn kommune som ein eigen kommune**

Ein annan måte å setta ord på 1. ledd kan vera

- Innbyggjarane skal kunna få dekkja sine viktigaste behov
 - Barnehage
 - Grunnskule
 - Primærhelseteneste

- Sosiale tenester
- Kyrkjelege tenester
- Forvaltningstenester
- Bustad/bumiljø
- Bustadtomter
- Næringsareal for ulike føremål
- Arbeidsplassar
- Daglegvarehandel
- Samfunnsdeltaking
- Lagsaktivitetar (Idrett/kultur/friluftsliv)

Om vi ser 1. ledd og 2. ledd i samanheng, er det nødvendig å presisera lokalisering:

- Innbyggjarane skal kunna få dekkja sine viktigaste behov lokalt (innanfor dagens kommunegrense)
 - Barnehage
 - Grunnskule
 - Primærhelseteneste
 - Sosiale tenester (heimhjelp, sjukepleie, barnevern)
 - Kyrkjelege tenester
 - Forvaltningstenester
 - Bustad/bumiljø
 - Bustadtomter
 - Næringsareal for ulike føremål
 - Arbeidsplassar
 - Daglegvarehandel
 - Samfunnsdeltaking
 - Lagsaktivitetar (Idrett/kultur/friluftsliv)
- Bokn vil ta vare på bustadmiljø og kulturlandskap med rom for tilpassing til krav i ny tid, med grunnlag i egne verdier.

Innbyggjarane har behov for og krav på tenestene uavhengig av kommunegrenser. Forskjellen på å vera eigen kommune og å vera del av ein større kommune har fleire sider, her uttrykt med nokre påstandar

- Det er mogleg for ein større kommune å slå saman små institusjonar for å få lågare einingspris pr innbyggjar og større (betre?) fagmiljø
- Folkevalde frå eit større geografisk område legg vekt på andre verdier og manglar kunnskap om tilhøve som er svært viktig i lokalsamfunnet (t.d. omsyn til primærnæringane)
- Folkevalde frå eit større område har mindre nærleik til dei innbyggjarane som får dei negative følgjene av lokaliseringssval, og har derfor lettare for å ta slike avgjerder (demokratisk underskot/demokratisk overskot)
- Kommunesamanslåing vil bli premiært med betre kommuneøkonomi.
- Kommunar som ikkje slår seg saman vil bli straffa med dårlegre kommuneøkonomi
- Det er vanskelegare for personar frå eit lite miljø å nå opp til avgjerande posisjonar i større kommunar
- Nedlegging av institusjonar frigjer bygningar og kapital

- Kommunesamanslåing gir effektivisering (færre tilsette) utan reduksjon i tenestetilbodet

Lista over påstandar kan gjerast mykje lenger. Svara vil ikkje vera eit eintydig ja eller nei, men mellom anna vera avhengig av politisk ståstad.

For å setta spørsmålet om kommunestruktur på spissen som del av eit overordna mål for kommunen, set eg opp to alternativ, der alternativ A er i samsvar med gjeldande kommuneplan.

Alternativ A:

Det overordna målet må vera å sikra befolkninga i Bokn kommune optimale livsvilkår i vidaste forstand. Ein avgjerande føresetnad for at dette skal vera mogleg og at planen skal kunna fylgjast opp, er at Bokn kommune blir oppretthalden som eigen kommune.

Alternativ B:

Bokn skal, som ein del av ein større kommune, halda fram som eit fullstendig samfunn, der innbyggjarane får dekkja ein stor del av dei kommunale tenestene i lokalsamfunnet, innanfor dei grensene som er kommunegrenser i 2016. Ein avgjerande føresetnad for at dette skal vera mogleg, er at folketalet auker slik at det blir varig grunnlag for å oppretthalda grunnskule, barnehage, symjehall/idrettshall, helsestasjon, sjukeheim og base for heimebaserte tenester i Føresvik.

Alternativa er ikkje sett opp for at det skal voterast og gjerast vedtak nå, men for å gi retning på vidare arbeid med planstrategien.

Vurdering:

Rådmannen ser tilbodet frå Omega as med forslag til resultat, mål, arbeidsform og prosess som eit godt grunnlag for utarbeiding av planstrategi for Bokn kommune. Ein ser også Omega as v/ prosjektleiar Arild Karlsen med sin formelle kompetanse i tillegg til breie erfaring frå stillingar som tidlegare plansjef i Rogaland Fylkeskommune, Fylkesrådmann i Rogaland, rådmann i Ølen, teknisk sjef i Tysvær og no konsulent i Omega, som ein garanti for at den faglege kompetansen i arbeidet blir ivaretatt.

Rådmannen vil difor rå til at Bokn formannskap aksepterer tilbodet frå Omega as om bistand i arbeidet med å utarbeide planstrategi for kommunen i samsvar med det skisserte forslaget til arbeidsform og prosess, innan ei kostnadsramme på kr. 100.00,-

Det er i budsjettet for 2016 sett av kr. 1.000.000,- til Reserverte løyvingar på budsjettpost 1000.120.1490. Rådmannen vil foreslå at kostnaden vert dekkja av denne budsjettposten. Det vil då stå igjen kr. 900.000,-.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	05.04.2016	030/16	JEN

Saksansv.: Solrunn Alvestad	Arkiv: K1-202	Arkivsaknr
	Objekt:	16/195

Refinansiering av fleirbrukshallen i Bokn kommune.

Dokumentliste:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kommunestyre har gjennom tidlegare vedtak om bruk av fond til investeringar og drift i all hovudsak brukt opp kommunens fond. Sist ved bruk av Kr. 8.000.000-, til finansiering av fleirbrukshallen.

Kommunestyret ser det som uheldig at det økonomiske handlingsrommet som fylgje av dette er blitt sterkt redusert.

Kommunestyret meiner det er viktig at kommunen også i framtida har disponible fond av ein viss størrelse, og vedtar difor at finansiering av fleirbrukshallen ikkje skal skje gjennom bruk av fond, men i sin helhet finansieres gjennom låneopptak.

Kva saka gjeld:

Finansiering / refinansiering av fleirbrukshallen.

Bakgrunn for saka:

Bygging av fleirbrukshallen vart starta opp i 2012, då ein vedtok å oppretta ei prosjektstilling med eit budsjett på 2 mill. Dette vart finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

I 2014 vart det vedtatt kjøp av grunn på totalt 3,4 mill, og i 2015 vart sjølve fleirbrukshallen vedtatt med 39 mill. Kjøp av grunn og hallen, på totalt 42,4 mill vart finansiert med 12 mill i tilskot, 22,4 mill i låneopptak og 8 mill i bruk av fond. Våren 2016 vart det i tillegg vedtatt eit låneopptak på 1,5 mill. for bygging av fast scene i hallen.

Saksutgreiing:

Lån og vedtak om låneopptak

I budsjettet for 2014 vart det også vedtatt kjøp av grunn til bustadfelt med 10. mill, i ettertid vart det vedtatt at 0,5 mill av desse midla skulle brukast til «Snøhetta prosjektet». Resten på 9,5 mill, skulle finansierast av låneopptak, men dette vedtaket er ikkje gjennomført.

I budsjettet for 2016 er det vedtatt eit låneopptak på 16,1 mill. (bl.a. vassverk og brannbil) + 1,5 mill til scenen.

Totalt er det vedtatt låneopptak på 27,1 mill. som ikkje er gjennomført ennå, og i økonomiplanen for 2017 er det lagt inn ytterlegare låneopptak på 24,6 mill.

I fylgje Kostra tala pr. 31.12.15 finn vi fylgjande tal om netto lånegjeld pr. innbyggjar;

Bokn Kommune	kr. 63.973	dvs. 216% gjeld i % av bruttto driftsutgifter
Kommunegruppa	kr. 66.023	dvs. 222% gjeld i % av bruttto driftsutgifter
Rogaland	kr. 33.736	dvs. 191% gjeld i % av bruttto driftsutgifter
Tysvær kommune	kr. 72.482	dvs. 210% gjeld i % av bruttto driftsutgifter

Vedtatt låneopptak i forbindelse med vassverkutbygginga vil verta finansiert av at vi har ein avtale med Vegvesenet om kjøp av vatn.

Låneopptak til bustader til eldre ol. (ca 25 mill i 2017) vil belaste driftsbudsjettet med ca 1,2 mill pr. år (forutsatt en rente på 2% ~ 0,5 mill) og kvar utleigd bustad vil gi ei inntekt på ca 50.000,- pr år. Den delen av utbygginga som gjeld sjukeheimsrom vil føre til ytterlegare driftskostnader.

Lån til bustadfelt (9,5 mill) forventar ein også skal dekkast inn ved sal av bustader etter ei viss tid.

Kommunen sine disponible fond

Kommunen har pr. 31.12.15 fylgjande udisponerte fond:

Kapitalfond	kr. 7.371.160,-
Disposisjonsfond	kr. 2.165.494,-
<u>Totalt</u>	<u>kr. 9.536.654,-</u>

Av dette er det vedtatt at 8 mill. skal vera med på å finansiera fleirbrukshallen.

I tillegg har kommunen ca 10. mill på fond som er øyremerka prosjekter som er i gang.

Vurdering:

Dersom ein vil endre vedtaket om at bruk av fond på 8 mill. skal lånefinansierast vil dette i gjennomsnitt auke driftsbudsjettet med kr. 200.000,- pr. år. under føresetnad av rente på 2% og avdragstid på 40 år.

